

# Årsmelding 2018

## Folgefonna nasjonalparkstyre



Innhald

<b>1</b>	<b>Generelt .....</b>	<b>3</b>
<b>2</b>	<b>Saker .....</b>	<b>4</b>
<b>3</b>	<b>Tiltak / bruk av midlar .....</b>	<b>4</b>
<b>4</b>	<b>Forvaltar.....</b>	<b>6</b>

# 1 Generelt

Folgefonna nasjonalpark og dei fire tilliggjande landskapsvernområda, Bondhusdalen, Ænesdalen, Hattebergsdalen og Buerdalen, vart oppretta ved Kongeleg resolusjon 29. april 2005. Verneområda omfattar dei fem kommunane Etne, Jondal, Kvinnherad, Odda og Ullensvang. Det verna arealet er til saman 599 km<sup>2</sup>, og av dette utgjer nasjonalparken 545 km<sup>2</sup>

Det vart konstituert nytt styre for Folgefonna nasjonalparkstyre 15. mars 2016. Etter kommune- og fylkestingsvalet hausten 2015 vart det oppnemnt nye representantar frå kommunane og fylkestinget. Verneområdestyret for perioden 2016-2019 er samansett slik:

<b>Rolle</b>	<b>Ordinært medlem</b>	<b>Varamedlem</b>	<b>Representerer</b>
<b>leiar</b>	Jon Larsgard	Reidun Haugen Dalseth	<i>Jondal kommune</i>
<b>nestleiar</b>	Siri Klokkestuen	Ingemund Berge	<i>Etne kommune</i>
<b>styremedlem</b>	Leif Sverre Enes	Olav Gunnar Hjelmeland	<i>Kvinnherad kommune</i>
<b>styremedlem</b>	Solfrid Borge	Kåre Olav J. Grønsnes	<i>Ullensvang herad</i>
<b>styremedlem</b>	Roald Aga Haug	Linda Haugland Jondahl	<i>Odda kommune</i>
<b>styremedlem</b>	Benthe Bondhus	Olav Magnus Hammer	<i>Hordaland fylkeskommune</i>

Styret har hatt fire ordinære styremøte i 2018. I tillegg var det tre epost-handsamingar i nasjonalparkstyret.

## Møteoversikt 2018

Dialogmøte med kommuneadministrasjonane

Forvaltar informerte kort om besøksstrategien og nasjonalparkstyret si rolle i arbeidet med å planlegge for besøkande i og rundt verneområda som styret forvaltar.

Generelt var kommuneadministrasjonen positive til å verte inviterte på møte og til å diskutere på tvers av grenser. Det er mykje av tiltaka i besøksstrategien som krev samarbeid mellom mange aktørar på tvers av vernegrensene og det er viktig å skape eit godt forum for å drøfte idear.

	Dato	Timer
Dialogmøte med administrasjonane i kommunane rundt Folgefonna	16.02.2018	3
ST 1/18, Rosendal	16.02.2018	2
ST 2/18	06.03.2018	Epost (1)
ST 3/18	21.03.2018	Epost (1)

ST 4/18, Rosendal	22.06.2018	2
ST 5/18	27.06.2018	Epost (1)
ST 6/18, Sundal	12.09.2018	3
ST 7/18, Rosendal	30.11.2018	4

## 2 Saker

Desse sakene vart handsama av styret i 2018

Type	Saker	Dispensasjon	Motorferdsel og drone	Adm	Økonomi	Planar
Styresak	34	4	5	20	4	1
Delegert vedtak	23	2	21			
Referatsaker	2					2

### Besøksstrategi:

Bakgrunn:

Folgefonna nasjonalparkstyre vedtok i 2016 å utarbeide ein besøksstrategi for nasjonalparken og landskapsvernområda. Besøksstrategien skal bidra til at besøkande til verneområda skal få best mogleg opplevingar og legge til rette for lokal verdiskaping, utan at dette går ut over natur- og verneverdiar. Alle nasjonalparkar og store verneområde skal ha på plass besøksstrategi innan 2020. Besøksstrategien vil då vere eit viktig styringsdokument for prioritering av tiltaksmidlar og andre ressursar.

I 2018 vart det gjennomført ein brukarundersøking rundt Folgefonna nasjonalpark. Undersøkinga fekk inn over 9000 svar frå over 60 nasjonalitetar. Resultata frå undersøkinga vil verte viktige i arbeidet med besøksstrategi og prioritering av tiltak. Rapporten frå arbeidet er venta februar 2019.

I tillegg gjennomførte Norsk institutt for naturforskning (NINA) ein vurdering av sårbarhet på tre lokalitetar, Buer, Bondhus og Tokheimslia, som ledd i eit nasjonalt prosjekt for å lage ei handbok i sårbarhetsvurdering.

## 3 Tiltak / bruk av midlar

I 2018 fekk Folgefonna nasjonalparkstyre tildelt totalt 410 000 over bestillingsdialogen. I tillegg vart styret tildelt 60 000 kroner over driftsbudsjettet til arbeidet med besøksstrategi.

Nokre tiltak har i 2018 vorte finansiert gjennom fondet til Besøkssenter Folgefonna nasjonalpark. Alt i alt har styret i 2018 fått tildelt alt som vi har søkt om og nytta alle midlane. I tillegg har

uforløyste lønsmidlar for forvaltaren vorte nytta som løn til ein sommarvikar som drifta store delar av brukarundersøkinga i sommar.

<b>TILDELINGAR</b>		
Frå Miljødirektoratet		
	Tiltak i verneområde – pott	410 000
	Besøksstrategi	60 000
	Drift nasjonalparkstyret	155 000
På fond		
	Besøkscenter - Hogst Hatteberg	160 000
<b>SUM</b>		<b>785 000</b>

Midlar frå fondet til besøkscenteret som vart sett over til Baroniet med avtale om bruk.

Bruken av tiltaksmidlane:

<b>Verneområde</b>	<b>Skildring</b>	<b>Søkt om</b>	<b>Brukt (eks. mva)</b>
<b>TILTAKSMIDLER</b>			
Bondhusdalen LVO	Reparere bru ved Sandarvollen	10 000	10 000
Buer LVO	Utbetring av sti til Buerbreen	100 000	100 000
Tokheimslia	Utbetring av Ridestien i Tokheimslia	300 000	300 000
Sum		<b>410 000</b>	410 000
<b>DRIFTSMIDLAR</b>			
Folgefonna NP	Brukarundersøking, drift og oppsett	<b>265 000</b>	
Folgefonna nasjonalparkstyre	Møtegodtgjersle og reiserefusjonar		25 095
Møter			2 675
Brukarundersøking	Trykking av skjema og annonsering		21 355
Punsjing og brukarundersøkelse	Vert delvis dekket av lønsbudsjettet til FM		134 107
Etterundersøking	Etterundersøking og analyse av data sett bort til Oslo Economics. Første del vert fakturert i 2018, resterande i 2019		50 000
Forprosjektering av innfallspore Langfoss			30 000
<b>SUM</b>		<b>675 000</b>	<b>673232</b>

## 4 Forvaltar

Forvaltaren har kontorstad i Folgefonnsenteret og har jobba 80 % i heile 2018.

Kurs, seminar og konferansar som forvaltaren har delteke på i 2018:

- 5.2.18 Samling med verneområdeforvaltarar i Leikanger (deltok på Skype)
- 20.02 Orientering om nasjonalparkstyret i kommunestyret for Etne
- 27-28.2 Møte med Miljødirektoratet om brukarundersøking
- Møte med Sommarskiseret i Jondal og Langfoss 21.03.18
- 10.-12.4 Nasjonal forvaltarssamling med Miljødirektoratet i Trondheim
- 26.-27.4 Samling for nytt embete i Vestland på Voss
- 22.-23.5 Samling for nasjonalparkstyra på Vestlandet om besøksstrategiar
- 29.-30.5 Samling for naturmangfaldsseksjonen i Fylkesmannen i Vestland, Utladalen
- 14.6 Møte med Vestlandsforskning om deira prosjekt Klima og reiseliv
- 30.8 Miljøvernavingdelinga i Fylkesmannen i Hordaland på besøk på Folgefonnsenteret
- 10.09 Møte med verneområdeforvaltarar i Vestland (Skype)
- 19.09 Mentor i Ungt Entreprenørskap på Rosendal Ungdomsskule
- 16.-18.10 Miljøfagsamling med Miljødirektoratet i Trondheim
- 7.11 Bestillingsdialog for Fylkesmannen i Hordaland, Bergen
- 26.-27.11 VP-samling for Fylkesmannen i Vestland, Myrkdalen
- 12.12 Møte med verneområdeforvaltarar i Vestland (Skype)

Synfaringar

- Hattebergsdalen
  - 2 synfaringar for å planlegge skjøtselshogst ved Hattebergsfossen og sjå på øydelagt bru med kommune, grunneigarar og entreprenørar
- Tokheimslia
  - Synfaring med Miljødirektoratet, Odda/Ullensvang turlag, grunneigar og entreprenør for å diskutere planlagt arbeid på Ridestien opp Tokheimslia
  - Synfaring med Miljødirektoratet til Holmaskjer i forkant av synfaring på Ridestien.
  - Synfaring med Norsk institutt for naturforskning på oppdrag frå Miljødirektoratet.
- Åtte turar rundt Folgefonna for å setje opp svarkasser, sjå til kassane og tømme og fylle på skjema til brukarundersøkinga.
- Bondhusdalen
  - Synfaring med Norsk institutt for naturforskning på oppdrag frå Miljødirektoratet.
- Buer
  - Synfaring med Norsk institutt for naturforskning på oppdrag frå Miljødirektoratet.